


FN sine berekraftsmål

1. Definisjon av berekraftig utvikling

«Utvikling som stettar dagens behov utan å øydelegge for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov.»

Berekraftig utvikling er eit globalt omgrep basert på solidaritet med komande generasjonar, i tillegg til alle dei som lever i dag. Det er bygd på ei erkjenning om at vi berre har ein klode, med ei avgrensa mengde ressursar, og at det er i vår felles interesse å ta vare på den.

For å skape ei berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre område som delvis er overlappende men som set krav til eigne strategiar og handlingar:



Det er sammenhengen mellom desse tre dimensjonane som er avgjerande for om noko er berekraftig. [FNs berekraftsmål](#) er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Då måla vart vedtekne i 2015, var det med ei ny forståing for at økonomi, ulikskap og miljø gjensidig påverkar kvarandre i større grad enn det vi tidlegare meinte. For ikkje å bruke opp den einaste kloden vi har, må vi finne løysingar som balanserer belastninga på miljøet med forbruket og økonomien vår, og vi må finne betre måtar å fordele ressursane på. Det er berekraftig både for menneska og miljøet.

Den sosiale dimensjonen av berekraftig utvikling

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for et verdig liv. Menneskerettane er det viktigaste utgangspunktet for dette. Utdanning, verdig arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og eit godt helsetilbod er berre nokre av områda. Sosiale tilhøve seier noko om korleis menneska har det i eit samfunn, om dei får oppfylt rettane sine, og om det er mogleg for dei å påverke eigne liv og det samfunnet dei lever i.

Folkeveksten aukar presset på naturressursane. Fattigdom er både ein årsak til, og ein konsekvens av, folkeveksten. Reduksjon av fattigdom og auka tilgang til utdanning for kvinner har ført til at kvinner får færre barn enn tidlegare. Det å investere i utdanning er difor noko av det viktigaste vi kan gjere for å redusere fattigdom, bidra til demokratiutvikling og sørge for ei positiv utvikling. Utdanning av jenter har ein særleg stor effekt. Kvinner med utdanning og eiga inntekt får barn seinare og dei

bruker meir pengar på helse og utdanning til borna. Det å få kvinner ut i arbeidslivet har også ein stor positiv effekt på det einskilde land sin økonomiske vekst.

Klima- og miljødimensjonen av berekraftig utvikling

Miljødimensjonen av *berekraftig utvikling* handlar om å ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs for menneska.

Menneska sitt livsgrunnlag er heilt avhengig av naturen. Måten vi brukar naturen på i dag, har store konsekvensar for både natur og menneske. Klimagassutsleppa våre varmar opp havet og lufta, øydelegg heile økosystem og bidreg til at artar vert rydda ut for godt. Det gjer oss meir sårbare for naturkatastrofar, er ein trussel mot levebrødet vårt og gjev grobotn for konflikter i kampen om naturressursane.

Den rike delen av verda har stått for rundt to tredjedeler av klimagassutslippa i atmosfæren. Dei største utsleppa kjem frå forbrenning av olje, kull og gass. Desse ressursane er ikkje fornybare. For å stanse klimaendringane og bidra til ei berekraftig utvikling, må verdas land difor satse meir på fornybare ressursar som vasskraft, vindkraft og solkraft, og framfor alt redusere energiforbruket.

Utsleppa rike land som Norge har hatt, har bidrege til økonomisk vekst og velstand for oss. I land som ikkje har hatt den same økonomiske utviklinga, har mengd utslepp vore mykje mindre, men konsekvensane desto større. Det er land med stor del fattige som ofte blir ramma hardt av klimaendringar som flaum og tørke. I dei internasjonale klimaforhandlingane argumenterer difor fleire utviklingsland for at de rike landa med størst ansvar for dagens klimakrise, bør betale rekninga til utviklingslanda, for at dei skal kunne tilpasse seg klimaendringane, kutte eigne utslepp og få erstatning for tap og skader som har kome som følge av klimaendringane.

Den økonomiske dimensjonen av berekraftig utvikling

Økonomisk handlar berekraftig utvikling om å sikre økonomisk tryggleik for menneska og samfunn.

I verda i dag er det eit aukande gap mellom fattige og rike. Verdastotte rikaste eig like mykje som halvparten av jordas folkesetnad (Oxfam 2016). Fattigdom og ulikskap er ei kjelde til uro og splitting i folkesetnaden og gjev grobotn til konflikt og politiske opprør. Dette trugar ei berekraftig utvikling. Likare fordeling av ressursar og god og trygg tilgang til offentlege tenester, som helse og utdanning, er viktige føresetnadar for eit fredeleg og rettferdig samfunn.

I tillegg til å fordele meir rettferdig, må vi også endre måten vi brukar ressursane våre på for å få ei berekraftig utvikling. Om alle menneska på jorda skulle hatt same forbruk som menneska i Norge måtte vi hatt 3,6 jordklodar. Økonomisk vekst er viktig, særleg for fattige land, slik at det vert skapt nye arbeidsplassar og skatteinntekter til å betale for velferdstenester som skular og sjukehus. Denne veksten må være berekraftig, slik at vi ikkje øydelegg jordas ressursar. Ein slik grøn vekst kan skje ved å bruke energi som ikkje forureinar og ved at vi finn smartare måtar å løyse utfordringane våre på.

For menneska som lever i fattigdom er det openbert at situasjonen i dag ikkje er berekraftig, av di eit liv i fattigdom tek frå menneska deira grunnleggande rett og verde. For dei meir velstående landa er berekraftig utvikling viktig for å skape stabilitet og fred. Den aukande ulikskapen i levekår, både i- og mellom statar, er ein trussel mot berekraftig utvikling av di den skapar konflikt i samfunnet. I tillegg kan klimaendringane bidra til å hemme viktige framsteg som er gjort for å betre levekåra til menneska i alle deler av verden.

2. FN sine bærekraftsmål

Nedanfor har vi gjort ei forenkla gjennomgang av dei ulike måla. For komplett oversikt over måla og delmål knytt til kvart einiskild, kan de lese dette på lenka: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>



Mål nr. 1, 2 og 10 – Utrydde fattigdom, utrydde svolt og mindre ulikskap

Desse måla er fyrst og fremst knytt til internasjonale utfordringar knytt til ekstrem fattigdom, svolt og stor økonomisk og sosial ulikskap i verda. Innan fleire av desse områda er det og utfordringar for spesifikke grupper i Sogndal, men hovudretninga på delmåla i desse bærekraftmåla er av meir internasjonal karakter. Måla kan vere viktige å ta med seg for å sette fokus på den rolla lokale politikarar har i ein større samanheng, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Mål nr. 3 – God helse: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder

Det har vært store framsteg når det kjem til betre helse for menneske verda over. Samtidig er helse og livskvalitet faktorar alle av oss er opptekne av og avhengige av for å ha gode liv.

Psykiske lidningar er eit aukande problem i mange aldersgrupper. Dei vanlegaste formene er angst og depresjon, som i mange tilfelle kan føre til sjølv mord. FNs bærekraftsmål ynsker å redusere desse tala. Statistikken over sjølv mord er difor ein av indikatorane som vert nytta for følge opp dette bærekraftsmålet og strategiane skal vere knytt til førebygging, handtering og ved å fremje mental helse og livskvalitet.

Mål nr. 4 – God utdanning – «Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje livslang læring for alle»

Det berande prinsippet i dette målet er at god utdanning er grunnlaget for å betre liva til menneska. Dette er eit område der kommunen har egne ressursar og verkemiddel som kan bidra til å nå dei intensjonane som ligg i bærekraftsmålet. At målet har fokus både på læring og på læringsmiljø er ein ekstra styrke.

Mål nr. 5 – Likestilling mellom kjønna

Likestilling er ein menneskerett. Det handlar om å gje både kjønn like rettar, og gjere det mogleg for dei å ta avgjerd over eige liv og avskaffe diskriminerande ordningar. Kvinner må ha tilgang til utdanning, helsetenester, arbeid og juridiske rettar, av di det er nødvendig for utviklinga i eit land.

Mål nr. 6 – Reint vatn og gode sanitære tilhøve

Internasjonalt er reint vatn og gode sanitære tilhøve ei enorm utfordring. I Norge er dette eit mindre problem, og kommunen har etablert gode ordningar som sikrar dette. Det er og eit strengt nasjonalt regelverk knytt til vatn og avlaup, som kommunen må rette seg etter ved utbyggingar, drift m.m.

Mål nr. 7 – Rein energi for alle

Utvikling og utbygging av fornybar energi er ein viktig del av løysinga for å få ei berekraftig utvikling. Tilgang til energi står i sentrum for mange utfordringar og mogleg utvikling. Det dreier seg om jobbar, tryggleik, klimaendringar, matproduksjon eller mogleg auka inntekt. Internasjonalt er det i dag ingen mekanisme som sikrar at meir fornybar energi bidreg til lågare produksjon av ureinande energi. Faktisk er det slik at delen av fornybar energi i dag er mindre samla sett i høve den totale energiproduksjonen i verda. Fornybar energi har difor bidrege til å auke etterspurnaden etter energi, og ikkje til lågare energibruk. Det er viktig for kommunen å ha eit medvite tilhøve til utbygging av fornybar energi og til å redusere det samla behovet for energi.

Mål nr. 8 – Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Å skape arbeidsplassar av god kvalitet er en stor utfordring for alle land. For å løyse utfordringane med fattigdom og ulikskap må alle ha jobb. For at det skal kunne skje må vi skape ein rettferdig økonomisk vekst og nye arbeidsplassar. Det betyr at vi må inkludere dei unge i arbeidsmarknaden, sørge for fast og trygt arbeidsliv, legge til rette å få fleire kvinner i arbeid og redusere uformell og svart arbeid.

Mål nr. 9 – Innovasjon og infrastruktur

Investeringar i ulike former for infrastruktur er avgjerande for å skape en berekraftig utvikling. Infrastruktur er den underliggende strukturen som må være på plass for at et samfunn skal fungere. Kommunen kan bidra til å finne måtar å auke potensiale for utvikling og vekst, og sjå korleis vi kan utnytte ressursane våre mest mogleg effektivt. Utan slike lokale satsingar vil verda ikkje kunne nå dei mange berekraftsmåla.

Mål nr. 11 – Berekraftige byar og lokalsamfunn

Verda vert urbanisert i ein fart vi aldri har sett maken til. Meir enn halvparten av verdas folkesetnad bur i dag i byer. Byane fungerer som smeltediglar fulle av idear, handel, kultur, vitskap og sosial samhandling. Samtidig står byane for 75 prosent av alle klimagassutslepp og store slumområde står i vegen for gode levekår. På sitt beste sørger byane for at menneska kan leve gode liv og utvikle seg både økonomisk og sosialt. På den andre sida veks mange byar fortare enn tilbodet av arbeidsplassar og bustadar.

Mål nr. 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon

Målet skal bidra til å sikre eit berekraftig forbruks- og produksjonsmønster. Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjere meir med mindre ressursar. I dag forbrukar vi mykje meir enn det som er berekraftig for kloden. For å sikre gode levekår for noverande og framtidige generasjonar må også kvar einskild forbrukar endre livsstil. Det inneber å minske ressursbruken, miljøødeleggingane og klimautsleppa som samfunn og som einskildpersonar.

Mål nr. 13 – Stoppe klimaendringane

Målet handlar mest om å sørge for at samfunnet klarar å tilpasse seg endringar og konsekvensar av klimaendringar. Dette vil i stor grad gå på tilhøve knytt til ROS analyser og den fysiske planlegginga.

Mål nr. 14 – Liv under vatn

Målet handlar om å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Utan havet fungerer ikkje jorda. Temperaturen, kjemien, straumane og livet i havet er det som driv dei globale systema som gjer det mogleg for menneska å leve på jorda. Over halvparten av oksygenet vi pustar inn kjem frå havet. Trass i dette aukar øydelegginga av havet og fjordressursane.

Mål nr. 15 – Liv på land

Målet rettar seg mot å beskytte, reetablere og fremje berekraftig bruk av økosystema, sikre berekraftig skogforvaltning, stanse og reversereforringing av land og stanse tap av artsmangfald. Skogen er heilt avgjerande for livet på jorda samtidig som den vert forringa, og ein million dyre- og planteartar er trua. På verdensbasis er situasjonen kritisk for å stanse tap av biologisk mangfald og beskytte livsviktige økosystem.

Mål nr. 16 – Fred og rettferd

Målet er å fremje fredelege og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Mål nr. 17 – Samarbeid for å nå måla

Målet skal bidra til å styrke og fornye partnerskapsarbeidet for berekraftig utvikling. For at vi skal kunne lykkast med berekraftsmåla trengs det nye og sterke partnerskap. Offentlege etatar, næringslivet og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Berekraftsmåla skal fungere som ein felles, global retning og prioritert innsats dei neste 15 åra.